



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.01.2018	6609/2018	Ketil Valde

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	06.02.2018

Søknad om støtte til innføring av miljøleiing i 13 kommunar på Sunnmøre

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har i samband med handlingsprogram for klima og energi 2017 sett av 300 000 kroner i ei tilskotsordning til innføring av miljøleiing i inntil fem kommunar. Søknadsfristen var løpende ut året, og innan fristen (14.desember 2017) fikk vi ein søknad frå Sunnmøre regionråd.

Formål med støtteordninga er å styrke kommunane sin kompetanse på miljøleiing, og stimulere til å ta i bruk miljøsertifisering av offentlege verksemder som ein systematisk metode for å drive mest mogleg miljøvennlig.

Tilskotsordninga hadde følgjande vilkår:

- Kommunen vel sjølv miljøleiingssystemet som skal nyttast. Vedtak om miljøleiing må vere politisk forankra i kommunen.
- Dersom ein kommune vel miljøleiingssystemet Miljøfyrtårn, må dei velje hovudkontormodellen der rådhus og ei underliggende eining blir sertifisert.
- Kommunen må ha miljøansvarleg(e) som skal halde miljøarbeidet i hevd, og vere verksemda sin ressursperson på miljø.
- Frist for rapportering er 1 år frå tilsegn om støtte.

Tilskotsramme: Inntil 60 000 kroner per kommune.

Sunnmøre regionråd er prosjektleiar for eit nettverk «Sunnmørskommunenes klima- og energi nettverk». Nettverket består av kommunane: Giske, Herøy, Sande, Stordal, Norddal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vanylven, Volda, Ulstein, Ørsta og Ørskog. Nettverket hadde eit møte i arbeidsutvalet i Ørsta 13. desember 2017 og vart enige om at Sunnmøre Regionråd IKS skulle söke om tilskot på vegne av alle kommunane i nettverket.

Søknaden peiker på at innføring av miljøleiing vil kunne gi meir lønnsam drift, til dømes: lågare energiforbruk, avfallsreduksjon og smarte transportløysingar.

Kostnadsplan (kopiert frå søknad)

Tittel	2017	2018	2019	SUM
Administrasjon og temadaer	150 000			150 000
Egne ansattes innsats i arbeidet	84 000			84 000
Fyrtårn sertifisering av 26 virksomheter	546 000			546 000
Sum kostnad	780 000			780 000

Finansieringsplan (kopiert fra søknad)

Tittel	2017	2018	2019	SUM
Møre og Romsdal fylkeskommune	780 000			780 000
Sum finansiering	780 000			780 000

Vurdering

Formålet med tilskotsordninga er å styrke kommunane sin kompetanse på miljøleiing, og stimulere til å ta i bruk miljøleiing som ein systematisk metode for å drive mest mogleg miljøvenleg.

Intensjonen med søknaden er god, og fylkeskommunen ser positivt på at kommunane i nettverket vurderer å innføre miljøleiing i eiga verksemd. Slik søknaden ligg føre er den likevel ikkje i tråd med vilkåra i tilskotsordninga.

Det er eit eksplisitt krav om at innføring av miljøleiingssystemet må vere politisk forankra i kvar einskild kommune. Ei slik forankring inneber at det blir vedteke å starte opp arbeidet, med ein spesifisert plan for organisering, ressursbruk og økonomi. Ei slik tydeleg forankring er viktig for å sikre ei effektiv implementering av miljøleiing i kommunen.

I søknaden blir det vist til at tiltaket er forankra i dei kommunale klima- og energiplanane. Fleire av desse planane er utdaterte, og dei er i varierande grad implementerte av kommunane. Ved kontakt med einskild-kommunar kjem det fram at dei ikkje er tilstrekkeleg kjende med initiativet frå Sunnmøre Regionråd.

I søknaden kjem det heller ikkje fram kva for type miljøleiingssystem (t.d. hovudkontormodellen) innan miljøfyrtårn kommunane ynskjer å gå for. Det er dermed naudsint med ei tydelegare og særskilt forankring, dersom ein skal sikre at kommunane tar i bruk miljøleiing som ei systematisk metode.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom si deltaking i Sunnmøre Regionråd sitt klimanettverket, kjennskap til det pågående arbeidet med rullering og oppdatering av klimaplanane. Dette arbeidet vil vere eit godt grunnlag for å kunne innføre miljøleiing i kommunane.

Resultatmåla i ein søknad skal vise kva som skal gjerast i prosjektet. Det er eit krav at det er formulert klare og målbare resultatmål. Dette er ikkje gjort i søknaden.

Effektmål for prosjektet er vagt formulert.

Målindikatorane som er sett opp, er delvis vanskelege å talfeste, og blir dessutan vanskelege å vurdere når resultatmåla ikkje er klare.

Omtalen av «aktivitetar» i prosjektet er mangefull.

Milepælsplan er ikkje vedlagt søknaden.

Økonomisk ramme for søknadsordninga er 60 000 kroner pr. kommune. Det blir her søkt om 780 000 kroner i tilskot frå fylkeskommunen. Dette overskrid med stor margin den totale ramma for ordninga som er på 300 000 kroner.

Finansieringsplanen viser også at Møre og Romsdal fylkeskommune skal finansiere heile kostnaden for tiltaket. Fylkeskommunen har ikkje høve til å dekkje 100 prosent av totalkostnaden.

Vi tilrår avslag på søknaden då det ikkje ligg føre kvalifisert prosjekt- og finansieringsplan, politisk forankring og eigarskap, samt eigen delfinansiering.

Forslag til vedtak:

Regional- og næringsutvalet avslår støtte til prosjektet «Tilskot til innføring av miljøleiing i 13 kommunar på Sunnmøre».

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Vedlegg

- 1 Søknad om støtte til innføring av miljøleiing i 13 kommunar på Sunnmøre.